



Sissel Bøe Nerheim
VAN EESTEREN SINGEL 209 2951 AP AL BLASSERDAM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2207 - 17/31491

Saksbehandlar:

Atle Dingen

Atle.Dingen@lindas.kommune.no

Dato:

03.11.2017

Svar på klage på vedtak om redusert avgift for gbnr. 134/489

Delegert sak

Det vert vist til Dykkar klage datert 02.08.2017, på vedtak av 17.07.2017.

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld redusert avgift for kommunale gebyr for gbnr 134/489, Vardane 162.

Huset vert brukt som fritidsbustad då eigar bur i utlandet fast.

Fritidsbustader under 90 m² BRA betaler redusert avgift/minstegebyr på vatn og kloakk. Denne eigedommen er registret som bustad i rekkje på 100,4 m².

Når det gjeld kommunalt vassgebyr og kloakkgebyr er dette underlagt lokale forskrifter frå jan 2001 (kommunestyrevedtak 269/00) som ikkje gjev fritak eller reduksjon . Handheving av abonnementsvilkår vert regulert av privatsrettslege reglar. Då dette ikkje er utøving av offentleg mynde, kan vedtaket ikkje påklagast.

Vi gjer merksam på at det kan gjevast fritak dersom vatnet vert koplå frå huset. Dette må gjerast via autorisert rørleggjar, som må senda melding til kommunen ved teknisk drift, når dette ev. er gjort. Det må likeeins gjevast melding når vatnet ev. vert påkopla att.

Ei anna løysing er å installera vassmålår i bustaden. Her må ein betale eit minstegebyr i tillegg til målt forbruk.

Vedtak:

Klagen vert avvist i medhald av forvaltningslova paragraf 33, andre ledd

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Rett til å klage:

Dette vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova paragraf 28, jf. paragraf 2 tredje ledd. Klagefristen er tre veker frå mottak melding om vedtaket, jf. forvaltningslova paragraf 29. Ein ev. klage bes sendt til Lindås kommune.

Søksmål om gyldigheit av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikke reisast utan at adgangen til å klaga over vedtaket er nytta fullt ut og klagen er avgjort av den høgaste klageinstansen som står åpen, jf. forvaltningsloven paragraf 27b.

Med helsing

Atle Dingen
fung. einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sissel Bøe Nerheim

VAN EESTEREN
SINGEL 209 2951
AP AL
BLASSERDAM